

Vekeplan, veke 34 4. klasse

Namn:

Info:

- God start i 4. klasse! Elevane har vore høflege, gilde og gode til å arbeide.
- 4. klasse skal ha symjing frå veke 35. Hugs at dei treng badehette i tillegg til badetøy, handkle og såpe.
- Det er ikkje norsk kvar dag, men elevane får likevel leselekser (norsk eller engelsk) til kvar dag. Les minst tre gonger på leseleksa: To gonger høgt for ein vaksen, og ein gong for deg sjølv.
- Hugs å bestille mjølk/drikke via Skolelyst til dei elevane som skal ha det. Det går eit par veker frå bestilling leggjast inn til drikke blir levert.
- Oversikt over timeplan og lærarar finn de på baksida av vekeplanen.
- Elevane får med seg ipaden heim på måndag, så fint viss alle ladar han opp heime.
- Klassekode til Undheim 2016 på Showbie er EPNHHH
- Salto 4a skal vere med i sekken eller liggje på skulen når det ikkje er lekse – boka skal ikkje liggje att heime.
- Det er lurt å ha innesko!
- Alle elevane har korg i gongen, så her kan dei som treng ha skiftetøy liggjande.


Mål:

Lesing/skriving:	- Eg les med flyt - Eg kan skrive øveorda. - Eg veit kva ein replikkstrekk er
Rekning:	- Eg veit kva addisjon, subtraksjon, divisjon og multiplikasjon betyr. - Eg kan lage rekneuttrykk til praktiske situasjonar.
Engelsk:	- Eg kan uttala alle bokstavane i alfabetet - Eg kan telle til 10
Sosialt:	- Eg følgjer klassereglane.

Øveord / diktat til målprøven på fredag:

loppe – auksjon – avdeling – korps – avdeling

Gloser



Lekser til

Tysdag:	Norsk: Legg bokbind på Salto. Dei som tykkjer det er litt vrient å lese, les s. 7 (måne). Dei som tykkjer lesing går greitt, les s. 8 (sol). Tykkjer du lesing er enkelt, les du både s. 8 og 9. Alle les to gonger høgt for ein vaksen og ein gong høgt for seg sjølv. Den eine gongen les du inn på Showbie under Undheim 2016 – leselekser Matte: Gjer s. 80 i Matemagisk Grunnbok 4B.
Onsdag:	Norsk: Skriv ei forteljing der du får med minimum 3 av øveorda. Hugs punktum og stor bokstav. Lag overskrift sjølv. Hugs fin handskrift. Skriv i forteljingsboka. Engelsk: Lese s 10 og 11 i Quest textbook Hugs gymtøy, handkle og såpe.
Torsdag:	Norsk: Aski Raski: Logg på med Feide, og gå inn på «motorveien» oppe til høgre. Viss du kjem til ei lilla les-oppgåve, les du for ein vaksen heime. Dei andre oppgåvene kan du gjere på eige hand. Du skal jobbe i 10 minutt. Hugs gymtøy, handkle og såpe.
Fredag:	Norsk: Finn fram relemo, og hald fram der du var i 3. klasse. Ta bilete og lever på Showbie. Matte: Gjer s. 81 i Matemagisk Grunnbok 4B. Målprøve!

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk ER	Matte Musikk EH	Naturfag + boklån LT	Norsk GS	Matte EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Engelsk ER	Gym 3+4 AI/ER	Norsk GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og kort pause til 11.30	Mat og friminutt	Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Gym 3+4 GS	Krle 3+4 MH	K&H GS
			Skulen sluttar 12.40		

GS= Grete Stokke AI = Aina Idland. MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagensen LT= Lars Tjelle
ER = Erik Røyland.

